

## Vedlegg 2 - Tilskotsordning Folkehelsearbeid

### Tilskot til folkehelsearbeid i Vestland fylke - tredelt inndeling

Kommunar i Vestland fylke kan søkje om midlar til innsats som bidrar til ei betre folkehelse.

- A. Tilskot til innsats for sosial utjamning av helseskilnadar i kommunen – **til utlysing vår 2021**
- B. Omdisponering av midlar til utvikling av samarbeidsprosjekt for kommunane i Vestland i samarbeid med Folkehelseforum Vestland. – **til vidare utvikling og utlysing haust 2021**

#### **A: Tilskot til innsats for sosial utjamning av helseskilnadar i kommunen.**

Vestland fylkeskommune vil styrke grunnlaget for gode kvardagsliv og like moglegheiter for alle. I måla for folkehelsearbeidet i Vestland skal vi arbeide for ei samfunnsutvikling som utjamnar sosial ulikskap. Føremålet med ordninga er å støtte kommunane sitt arbeid med utjamning av sosial ulikskap.

Arbeidet kan innebere å:

- Styrke kommunen sitt kunnskapsgrunnlag/folkehelseoversikt knytt til sosial ulikskap
- Auke kompetanse om arbeid med sosial utjamning på tvers av kommunale sektorar
- Utvikle tiltak i tråd med kommunen sitt kunnskapsgrunnlag

#### **Kven kan søkje:**

Kommunane i Vestland fylkeskommune kan søkje.

#### **Søknadsvurdering:**

Søknaden vert handsama og vurdert ut frå gjeldande kriterium for ordninga:

- Kommunen si folkehelseoversikt må ligge til grunn for val av innsats.
- Tiltak det søkjast midlar til skal hovudsakleg vere befolkningsretta. Gjerne kombinert med strategiar retta mot særlege grupper.
  - Det er ikkje tilstrekkeleg med innsats retta mot enkeltgrupper eller individ.
- Brei involvering knytt til utvikling og iverksetting av tiltak.

Søknader som støtter oppom vilkåra på tvers av tilskotsordningane *tilskot til levande byer og stader i Vestland* og *tilskot til kommunale klimatiltak* vil også bli særskilt vurdert.

#### **Avgrensing:**

Midlane kan ikkje støtte:

- Ordinær drift, innkjøp av utstyr, anlegg og fysiske tiltak eller einskild-arrangement
- Førebyggjande arbeid innanfor helsetenesta sine satsingsområde

#### **Søknadsfrist:**

30. april 2021, med ny utlysing på hausten for restmidla.

#### **Krav til søknaden:**

Søknad skal sendast inn ved bruk av søknadsskjema på fylkeskommunen sine nettsider. Teksten som søkjaren må fylle ut i kvar kategori kan skrivast kort og konsist. Innhaldet kan utdjupast i vedlegg til søknaden.

#### **Vilkår for tildeling:**

Søklarar som får tilsegn om tilskot skal i ettertid levere ei enkel rapportering som viser korleis tilskotet er nytta og om måla for tiltaket er nådd.

#### **Aktuelle ressursar og verktøy:**

- [Utjamning av sosial ulikhet i kommunane](#)
- [Sosial ulikhet påvirker helse – tiltak og råd](#)
- [Anbefalte tiltak mot sosial ulikhet i helse](#)
- [Folkehelseinstituttet – Sosial ulikhet i helse](#)

## **B: Omdisponering av midlar til utvikling av samarbeidsprosjekt for kommunane i Vestland i samarbeid med Folkehelseforum Vestland.**

### **Samandrag:**

Vestland fylkeskommune ønskjer å omdisponere tilskotsmidlar til bruk for kommunane gjennom større utviklingsprosjekt i samarbeid med relevante FoU- og kompetansemiljø. Prosjekt-idè og prosjektplan vil bli drøfta i Folkehelseforum Vestland før utviklingsprosjekt vert lyst ut på fylkeskommunen sine heimesider. Korleis denne søknadsordninga vil bli utforma vil ein kome tilbake til som politisk sak før utlysing haust 2021. Kommunane vil vere hovudmålgruppe og FoU- og kompetansemiljø vil bidra inn i arbeidet.

### **Innleiing**

Vestland fylkeskommune ønskjer å omdisponere 1. mill. kroner frå noverande tilskotsmidlar til bruk for kommunane gjennom større utviklingsprosjekt i samarbeid med relevante FoU- og kompetansemiljø. I Utviklingsplan for Vestland er det bestemt at det skal utviklast nytt handlingsprogram for folkehelsearbeidet i 2021. I dette arbeidet vil behov for utviklingsarbeid innan folkehelsefeltet for kommunane i fylket bli løfta fram.

Regional plan for folkehelsearbeid 2015-2025 i tidlegare Sogn og Fjordane har lærande organisasjonar i plan og lokalsamfunnsutvikling som satsingsområde 1. I handlingsplanen, under utfordringar og behov, er å sikre kunnskapsgrunnlaget gjennom god helseovervaking og bruk av kunnskapsbaserte og kvalitetssikra metodar og tiltak løfta fram. Vidare, under strategiar og tiltak, er såleis meir målretta og kunnskapsbaserte einskildtilta/prosjekt ei målsetting.

Dette samsvarar med statlege føringar om kunnskapsbasert folkehelsearbeid, spesielt aktualisert gjennom satsinga *Folkehelsearbeid i kommunane, barn og unges psykiske helse og livskvalitet*. Ein av intensjonane bak denne satsinga frå Helsedirektoratet, er at alle kommunane i landet skal involverast i kunnskapsbasert folkehelsearbeid. Retningslinene for *Program for folkehelsearbeid i kommunene 2017 – 2027* er utvikla i eit samarbeid mellom Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet, Helse- og omsorgsdepartementet og KS.

Vi siterer:

#### **1.1 INNRETNINGEN PÅ PROGRAMMET**

*Program for folkehelsearbeid i kommunene er en tiårig satsing for å utvikle kommunenes arbeid med å fremme befolkningens helse og livskvalitet. Satsingen skal bidra til å styrke kommunenes langsiktige og systematiske folkehelsearbeid jf. folkehelseloven. (...) Det skal legges vekt på kunnskapsbasert utvikling og spredning av tiltak (...)*

*Betegnelsen «program» innebærer flere parallelle og koordinerte prosesser som samlet skal bidra til å styrke det helsefremmende arbeidet i kommunene:*

1. *Kunnskapsbasert utvikling av tiltak i kommunene*
2. *Kompetansestøtte og erfaringsspredning på tvers av kommuner og fylker*
3. *Videreutvikling og implementering av styringsdata*
4. *Styrket samarbeid mellom aktører*
5. *Samordning av statlige føringar og virkemidler rettet mot kommunene*

*Hovedinnretningen for programmet er samfunnsutvikling for god folkehelse og innebærer i denne sammenheng befolkningsrettet arbeid og oppmerksomhet mot påvirkningsfaktorer på helse. Utjevning av sosiale forskjeller i barn og unges helse og livskvalitet er en sentral ambisjon i satsingen. (s. 1)*

#### **3.1.1 LOKALE BEHOV SOM UTGANGSPUNKT FOR TILTAKSUTVIKLING (s. 5)**

(...)

*Et hovedelement i Program for folkehelsearbeid i kommunene er å tilrettelegge for en kunnskapsbasert utvikling av arbeidsmåter, tiltak og verktøy, samt stimulere til samarbeid mellom kommunesektoren og forskningsmiljøer om utviklingsarbeidet. Gjennom satsingen er det også et ønske om å legge til rette for økt samarbeid mellom kommunale aktører (...)*

*Det er kommunene som må foreslå tiltak, basert på eget utfordringsbilde, målsettinger og planer. (sitat slutt)*

Det kunnskapsbaserte folkehelsearbeidet inneber at kommunane/tenesteutøvarane tek faglege avgjerder på grunnlag av systematisk innhenta forskingsbasert kunnskap, erfaringsbasert kunnskap, innbyggjarane sine ønskjer og behov i ein konkret situasjon. Kunnskapsbasert arbeid bør difor starte med å kartlegge kommunen sine utfordringar. Deretter velje ut eigna tiltak med utgangspunkt i/oversikt over tiltak som har vist effekt for å løyse liknande utfordringar. Tenestemottakarane/innbyggjarane det gjeld må medverke i val og innretting av tiltak. Tiltaka må evaluerast. (jf SINTEF, *Følgerevalueringer, Program for folkehelsearbeid i kommunene, sluttrapport* nr 2020:00155, s.14). I gjeldande handlingsprogram for folkehelse er det lagt forventning, i tiltak 1.8, om at fylkeskommunen skal byggje kompetanse i kommunane for å evaluere tiltak i folkehelsearbeidet.

Vestland fylkeskommune ser føre seg at prosjekt-idè og prosjektplan blir drøfta i Folkehelseforum Vestland før utviklingsprosjekt vert lyst ut på fylkeskommunen sine heimesider. Fylkeskommunen ønskjer å starte opp eitt utviklingsprosjekt hausten 2021. Prosjektet skal evaluerast.

### **Grunngjeving**

Noverande tilskotsordning på folkehelsefeltet er retta inn mot kortvarig innsats for kommunane einskildvis og ut i frå lokale behov. Erfaringar viser at mange kommunar, og særleg mindre kommunar, ikkje søker på slike ordningar. Vestland fylkeskommune vurderer det, i tillegg slik at det vil ha stor verdi for folkehelsearbeidet i fylket, å starte større felles utviklingsprosjekt der fleire kommunar samarbeider. Signal frå sentrale mynde er at fylkeskommunane vil måtte ta eit større ansvar for utviklingsarbeid knytt til folkehelse spørsmål lokalt i åra som kjem. Vestland fylkeskommune ønskjer i rolla som samfunnsutviklar å bidra til at det systematiske folkehelsearbeidet vert styrka, og bidra til utviklingsarbeid som styrker kommunane i deira arbeid.

**Føremålet** med ei satsing på større samarbeidsprosjekt innan folkehelseområdet vil vere fleirdelt. Temaområda kan vere mange for å følge opp regionale planar og utviklingsplanen i Vestland. Desse kan vere å fremje meir samarbeid mellom kommunar om felles satsingar/tiltaksutvikling, styrke kunnskapsgrunnlaget innan folkehelseområdet, samarbeide om å prøve ut ulike metodar og verktøy og å styrke kompetanse på tiltaksutvikling og evaluering. Å styrke arbeidet med viktige folkehelse relaterte tema som sosial berekraftig utvikling og sosial ulikskap i helse er svært sentralt.

**Målgruppa** i utviklingsprosjekt vil vere kommunane i fylket. Kva kommunar som skal delta vil avhenge av kva utfordringar det er eit ønskje mål å arbeide med. Utviklingsprosjekt kan både etablerast regionvis, i høve mindre kommunar og for heile fylket.

### **Samarbeid med forskings- og kompetansmiljø**

Vestland fylkeskommune har etablert tett samarbeid med ulike FoU -og kompetansmiljø i fylket innan folkehelseområdet. Fylkeskommunen ønskjer i utviklingsprosjekt med kommunane å kople FoU-miljøa inn i dette arbeidet. Samarbeid kan også etablerast med FoU-miljø utanfor fylket, dersom desse har meir spissa kompetanse inn mot aktuelle utviklingsprosjekt i Vestland.